



URBANISERING, FORTETTING OG GRØNT BUMILJØ I KVITSEID  
SKISSEPROSJEKTRAPPORT FEBRUAR 2017

<i>Tittel:</i> Urbanisering, fortetting og grønt bumiljø i Kviteseid	
<i>Forfatterar:</i> David Fjågesund, Lars Haakanes, Tone Telnes	<i>Dato:</i> 05.02.17
<i>Oppdragsgjevar:</i> Kviteseid kommune	<i>Kontaktpersonar:</i> Elisabeth Lid
<i>Prosjektoppsumming:</i>  Urbanisering, fortetting og grønt bumiljø i Kviteseid er eit skisseprosjekt som tar for seg ei utvald tomt i nordenden av Kviteseidgata. Målet med prosjektet er å undersøkje om tomte er egna til eit innovativt bustadprosjekt i tråd med måla i <i>Kviteseid i Framtida</i> -prosjektet. Tomte- og volumstudie skal munne ut i eit konkret skisseutkast til nytt bustadbygg med tilhøyrande romprogram.	
<i>Prosjekttema:</i> - Alternative buformer - Bærekraft - Bumiljø - Materialbruk - Sambruk	<i>Framsidediagram:</i> Perspektiv av prosjektet sett frå Næringshagen
<i>Kvalitetssikring/prosjektleder:</i> Gunn Marit Christenson	<i>Dato:</i> 05.02.17
<i>Kommentarar:</i>	<i>Produsert av:</i> Feste Grenland AS PB 120, 3901 Porsgrunn Besøksadr. Tordenskjoldsgt. 6 Tlf: + (47) 35 93 02 10  www.feste.no grenland@feste.no



# Innhald

## Innleiing

- Bakgrunn for prosjektet	05
- Mål og overføringsverdi	05
- Bumiljø	06
- Urbanisering og samhandling i sentrum	07

## Presentasjon av prosjektet

- Konsept	10
- Energi og materialbruk	13
- Planteikningar	16
- Perspektiv	25

## Vidare prosess

- Økonomi	32
- Aktuelle samarbeidspartnarar	32
- Regulering	33

# INNLEIING



## BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

Sentrumsutviklingsprosjektet *Kviteseid i framtida*, som vart starta i 2014 og skal avsluttast i 2017, hadde som mål å kartlegge, planleggje og setje i verk tiltak som forsterkar sentrum i forhold til bustadkvalitet, bumiljø, næring og sosiale strukturar. Parallelt har kommunen gjennom vedtak om mottak og integrering av flykningar ei viktig oppgåve som skal løysast, som passer godt med målet om å forsterke sentrum. Prosjektet *Kviteseid i framtida* ynskjer å bruke denne moglegheita til å utforske samspelet mellom integrering og arkitektur. Gjennom bærekraftige og innovative løysingar vil vi legge til rette for gode, sentrumsnære bumiljø som fremjar interaksjon mellom ulike kulturar og funksjonar. Med denne bakgrunnen vart underprosjektet *Urbanisering, fortetting og grønt bumiljø i Kviteseid* etablert.

*Urbanisering, fortetting og grønt bumiljø i Kviteseid* er eit skisseprosjekt som tar for seg ei utvald tomt i nordenden av Kviteseidgata. Målet med prosjektet er å undersøkje om tomte er egna til eit innovativt bustadprosjekt i tråd med måla i *Kviteseid i Framtida*-prosjektet. Tomte- og volumstudie skal munne ut i eit konkret skisseutkast til nytt bustadbygg med tilhøyrande romprogram.

Skisseprosjektet skal nyttast som verktøy for vidare kommunal prosess både mot kommande vedtak, men også som felles plattform for vidare diskusjon med potensielle samarbeidspartnarar.

I 2016 fekk prosjektet tilskot frå Husbanken til å sette igang arbeidet.

## MÅL OG OVERFØRINGSVERDI

Det overordna målet er å revitalisere det gamle sentrumet i Kviteseid, og etablere betre samhandling mellom tilflyttarar, dei som alt bur i sentrum og lokalt næringsliv. Prosjektet skal oppnå dette gjennom eit tydelig fokus på å etablere bumiljø med gode sosiale og bærekraftige løysingar.

Prosjektet vil ha stor overføringsverdi til andre kommunar rundt om i landet som er i liknande situasjon. Eit nytt bustadbygg av denne typen vil kunne programmerast til den nye spesifikke bruken, men bør også sjåast på som ei framtidsretta og "grøn" buform for tilflyttarar som ynskjer ein enkel plass å bu på kortare eller lengre sikt. Ein type "plug and play-bustad", der alt er ordna når ein flyttar inn og ein betalar ei fast månadsleige som inkluderar alt, vert meir og meir etterspurt i andre tettstader, både nasjonalt og internasjonalt. Bu- og arbeidsforhold er i endring frå historisk sett meir permanente strukturar. Dette prosjektet ynskjer altså å leggje til rette for den meir dynamiske utviklinga vi no er vitne til.





Bildeling?



Tradisjonelle husformer med ein ny vri



Bu i sentrum



Tilgang på vakker natur

KVA ER EIT  
GODT BUMILØ?



Grønne samlingspunkt



Gode fellesareal



Café Hvidesøe 100meter unna



Enkel og god arkitektur



## GODE BUMILJØ OG ATTRAKTIVE BUSTADER

Det finnast diverre ikkje ein generell fasitdefinisjon på kva eit godt bumiljø er, då oppfatningane varierar frå person til person og frå prosjekt til prosjekt. I dette prosjektet handlar, etter vår meining, eit godt bumiljø om å skape gode fysiske rammer for sosialisering og integrering. Dette gjeld internt i bustadprosjektet, men også i forhold til resten av Kviteseid sentrum. Eit godt bumiljø handlar i dette tilfellet også om å skape enkle og effektive arkitektoniske løysningar, som mogleggjer ein måte å bu på som er litt utanom det vanlege.

Utforming av bygg og uteområde må vere av høg kvalitet og ha god materialbruk. Sjølv om mange av bebuarane kanskje ikkje vert buande i veldig lange periodar, er det viktig at dei får ein bustad dei er stolte av og tar ansvar for. Det å få til ein god balanse mellom private funksjonar i eigen bustad og fellesfunksjonane i felleshuset og felleshagen er også eit sentralt aspekt i utviklinga av eit godt og velfungerande bumiljø.

For tilflyttarar, anten det er snakk om folk som skal arbeide i næringsshagen eller flyktningar som kjem til Kviteseid, er det viktig med ein grad av forutsigbarheit. Det kan i seg sjølv vere overveldande å flytte til ein ny plass, og det er difor viktig å gjere denne overgangen så enkel som rå. Dette kan løysast ved å legge opp til ein form for "plug and play-bustad", der leigetakaren betalar ei fast månadsleige som inkluderer til dømes straum, internett, tv, diverse fellesutgifter, og bildelingsordning (vi

har foreslått at prosjektet kan innehalde to el-bilar med eigen ladestasjon.)

Nærleiken til sentrum er eit anna viktig aspekt som vil ha positiv innverknad på bumiljøet i dette prosjektet. Når ein bur på få private kvadratmeter er det ein fordel å kunne ha enkel tilgang til lokale caféar og andre tilbod i sentrum. På same vis er tilgangen til vakker natur eit stort pluss.

## URBANISERING OG SAMHANDLING I SENTRUM

Øvst i Kviteseidgata ligg det gamle huset som tidlegare hadde offentleg toalett i første høgdi og utleigeiningar i to etasjar oppover. Kviteseid kommune eig bygget og tomta. Bustadprosjektet det nå vert arbeidd med å realisere, er ei total ombygging og utviding av dette huset med parkeringsplassen som ligg like ved.

Integrering handlar om å knyte band mellom ulike grupper av folk. Som ein del av *Kviteseid i Framtida* ynskjer kommunen også å revitalisere dei eksisterande Bryggehusa nede på Kviteseid brygge. Dette er tenkt som ein aktivitetsarena for lokalt næringsliv og lag- og foreiningar, og som ein møteplass der tilflyttarar og bygdefolk kan møtast. Kviteseid brygge, næringsshagen og det nye bustadprosjektet i toppen av Kviteseidgata dekkjer alle ulike møteplass- og sentrumsfunksjonar, og vil saman gje aktivisering

og auka liv i gata. Samspel mellom funksjonar, fellesskapsløysingar og kombinasjon av nytt og gammalt bygningsmiljø vil vera med på å skape eit attraktivt sentrum.

Prosjektet er starta som ein del av *Kviteseid i Framtida*, og har ei brei samhandlingsplattform. Både for Kviteseid kommune, dei som bur i eller vitjar sentrum, Vest-Telemark næringshage som er lokalisert i Kviteseid sentrum, andre næringar i sentrum (kaféar, matbutikk og andre småbutikker med handverkstenester), fylkeskommunen og Telemarkskanalen regionalpark vil tiltaket ha positiv innverknad. Dette tiltaket bygger også opp under og vil utfylle tiltaka i By og regionprogrammet i Vest-Telemark.

# PRESENTASJON AV PROSJEKTET


## KONSEPT FOR PROSJEKTET

Målet er å etablere kompakte, bærekraftige og moderne bueiningar i sentrum som er tilpassa ulike målgrupper; nyttilsette i næringsshagen som ynskjer å bu sentralt, bueiningar for flykningar og andre som ynskjer å bu i sentrum over kortare eller lengre periodar. Prosjektet har sju små bueinigar og eit felleshus som tilretteleggast som ein sosial arena. Felleshuset vert å rekne som sjølve navet i prosjektet, ein plass der tilflyttarar og lokale kan møtast.


Få private kvadratmeter per person er eit effektivt bærekraftiltak, men oppfordrar også til større grad av sosialisering og integrering. Dette kan skje i felleshuset, men prosjektet skal også sjåast i samanheng med utviklinga av Bryggehusa i andre enden av Kviteidgata. I tillegg til å huse turistinformasjon, er Bryggehusa som nemnd tenkt som eit knutepunkt i sentrum; eit tilbod for lokalt næringsliv og lag- og foreiningar, og som ein møteplass der tilflyttarar og bygdefolk kan møtast.








TODELT BYGGERI GJEV Plass  
TIL FELLESHAGE



TODELT BYGGERI GJEV UTSIKT  
FOR OMKRINGLIGGANDE BYGG



SOLCELLER PÅ SØRVENDE TAK  
FORSYNER BYGGET MED ENERGI

## BUSTADHUSET

Det eksisterande bygget som står på tomta i dag er i dårleg stand, og har dårleg planløysing med tanke på transformasjon til fleire mindre bueiningar. Vi foreslår difor å rive dette bygget og erstatte det med eit nytt, energieffektivt bygg som skal huse sju kompakte bueiningar. Det nye bygget etablerast på eksisterande grunnmur og kjellar, og får slik sett same fotavtrykk som det gamle. Med tre etasjar over kjellar, vert total BRA på rundt 200m<sup>2</sup>.

I bustadbygg på tre eller fleire etasjar er det i fylgje byggteknisk forskrift (TEK10) krav om heis. Det er også krav om *tilgjengeleg bueining*, det vil sei at alle bueiningane i bygget skal vere tilgjengelege for ein person i enkel manuell rullestol. Alle bueiningane skal også ha tilgjengeleg badrom. Planane for dei sju bueiningane er utarbeidd på bakgrunn av desse krava. Grunna at bustadbygget berre har totalt fem bueiningar på plan to og tre, vil det truleg vere mogleg å erstatte heis med ei enklare lyfteplattform. Dette vil verte ei rimelegare løysing, og må undersøkjast meir detaljert i neste fase av prosjektet.

Etasjane i bygget har fylgjande fordeling: kjellaretasjen inneheld sportsbodar og teknisk rom. Fyrste- og andre etasje har éi bueining på 34m<sup>2</sup> og éi på 17m<sup>2</sup>. Tredje etasje har tre 17m<sup>2</sup> bueiningar, med tilhøyrande hems. Alle bueiningane har eige kjøkken og bad, men som nemnd tidlegare, legg ein med få private kvadratmeter opp til større grad av sosialisering enn i meir tradisjonelle bustadprosjekt. Færre private kvadratmeter og nytenkjande bruk av fellesareal er ein enkel og særst effektiv måte å arbeide med berekraftig arkitektur på.

Fleksibilitet er viktig i denne type bygg. Bruk av massivtre, med berande veggjar og etasjeskiljarar, gjer det enkelt å flytte på innerveggane dersom ein i seinare tid ynskjer å justere planløysingane og storleiken på bueiningane.

## FELLESHUSET

Felleshuset skal supplere bueiningane i bustadhuset og inneheld fylgjande romprogram:

- eit fellesrom med kombinert stove og kjøkken. I stova kan ein ha TV eller prosjektor på vegg, og på kjøkkenet er det tenkt eit stort langbord.
- to gjestesoverom som kan nyttast av bebuarane eller til utleige
- eit universelt utforma toalett med dusj
- eit fleksibelt, låsbart rom som til dømes kan nyttast til kontorplass for Frivillighetskoordinatoren i kommunen og/eller "husverten"
- rom til avfallshandtering og hageutstyr

I mellomrommet mellom felleshuset og bustadhuset etablerast ein skjerma felleshage / gardstun som kan nyttast til dyrking, men også som ein møteplass. Dei store glasskuvedørene i felleshuset vender ut mot hagen og skapar ein god kontakt mellom inne og ute.

Det er viktig at prosjektet sjåast i samanheng med resten av sentrum, og ikkje som eit isolert bustadprosjekt. I felleshuset er det difor plassert eit stort vindaug ut mot Kviteseidgata, eit grep som viser fram aktiviteten i huset, og kanskje vekker interessa til forbipasserande.

Det leggst opp til ei deleordning for el-bil, med ladestasjon og to parkeringsplassar på austsida av felleshuset. Det vurderast å etablere ytterlegare parkering på nedsida av biblioteket.

## ENERGI OG MATERIALBRUK

Det er fram til og med skisseprosjektet ikkje diskutert eit spesifikt miljønivå på prosjektet med oppdragsgjevar (kommunen). Vi ser det som ein fordel å dra prosjektet langt med tanke på miljøretta og tilpassa energiløysingar. Prosjektet kan på denne måten bidra til å heve kompetansen lokalt, og vere eit førebilete for andre nybygg / rehabiliteringsprosjekt i kommunen.

Eit naturleg nivå i dag, vil vere å legge seg på minimum passivhusstandard, og helst plusshus. Eit passivhus er konstruert for minst mogleg energibruk ved å vere tettast mogleg gjennom utstrakt bruk av isolasjon, plast og mekanisk ventilasjon. Eit plusshus er eit passivhus som i tillegg skapar meir energi gjennom si levetid enn det som vart bruka til produksjon av byggevarer, oppføring, drift og riving av bygget. Eit plusshus vil slik sett krevja langt høgare investeringar i byggefasen, noko vi ser på som negativt med tanke på utleigeprisane / marknaden i Kviteseid kommune.

Vi ynskjer heller å tenkje litt nytt rundt miljø, og diskutere kor lite vi kan tilføre av til dømes tekniske installasjonar i eit "enkelt" bustadkompleks med små gjennomlyste bueiningar. Å gjere ting enkelt kan nett vere nøkkelen til den framtidige miljømessige suksessen om ein også ser ut over berre energibruken.

Eit "aktivhus" er ein definisjon på eit hus som er eit godt isolera, men pustande hus som baserar seg på utstrakt bruk av naturlege

materialar. Aktivhus byggast i 100% tre, og er meir miljøvenleg enn betong, stål, aluminium og plast, som alle inneber stort energiforbruk i produksjonsfasen. Biologiske materialar som tre har langt lågare energiforbruk til produksjon. I tillegg bind det store mengder karbon og bidreg dermed til reduksjon av klimautslepp.

Det vil vere naturleg å utvikle bustadprosjektet i Kviteseid i retning av eit aktivhus. Vala rundt energi og materialløysingar vil kunne gjerast med dette som grunntanke. Skisseprosjektet er difor utvikla med tanken om at bygget er eit massivtrebygg i sin heilskap. Dette gjeld då berande ytterveggar, etasjeskiljarar og tak. Innerveggane er tenkt tradisjonelt oppbygd for enklast mogleg ombygging i ettertid.

Den mest effektive oppvarminga av bygget vil ein få gjennom energibrønner og vannbåren varme. Dette gjev stabile temperaturar til ein miljømessig låg pris.

Solceller på tak og veggur burde diskuterast vidare for å finne optimale løysingar. 1/3 av straumbruken produsert lokalt er eit mål frå solcellebransjen. Frå 01.01.17 kan også alle vere minikraftverk gjennom fritt sal på straumnett. Solceller kan leigast av aktørar i bransjen for å minske investeringane (otovo.no er eit døme).

## UNIVERSELL UTFORMING

Bustadbygget er i all hovudsak prosjektert som "tilgjengeleg bueining", medan fellesbygget er prosjektert og tilpassa universell utforming. Bustadbygget tek i bruk eksisterande grunnmur, og det er difor ynskje om å bruke kjellaren til teknisk rom og bodareal. Trinnfri tilgang prosjekterast difor frå 1.etg. og opp til 3. etg. Totalt fem bueiningar i 2. og 3.etg. får atkomst via trapp eller heis/lyfteplattform.


I den vidare prosjekteringa ynskjer vi å sjå meir på ei enklast mogleg løysing for bueiningane i 3.etg. som er små og med tilhøyrande hems. Desse er i seg sjølve ikkje spesielt godt egna som "tilgjengeleg bueining". Vi meiner det difor kan vere aktuelt å søkje ein dispensasjon frå kravet om heis / lyfteplattform. Dette må skje i dialog med kommunen. Eit alternativ kunne då vere å prosjektere bueiningane i 1.etg. med full universell utforming.

# PLANTEIKNINGAR









**FESTE GRENLAND AS**  
PB 120  
3901 Porsgrunn  
grenland@feste.no  
+ 47 35 93 02 10

**KUNDE**  
Kviteseid kommune


**PROSJEKT**  
Skisseprosjekt  
Husbanken  
PROSJEKT NO.  
13236

**UTSENDT**  
06.02.2017  
TEKNA AV  
DF/LH



Plan 1.etg  
1:100 A3

**A.09**




Plan 2.etg  
1:100 A3

**A.10**

**PROSJEKT**  
Skisseprosjekt  
Husbanken  
**PROSJEKT NO.**  
13236

**KUNDE**  
Kviteseid kommune

**FESTE GRENLAND AS**  
PB 120  
3901 Porsgrunn  
grenland@feste.no  
+ 47 35 93 02 10



Plan 3.etg  
1:100 A3

**A.11**

**UTSENDT**  
06.02.2017  
TEKNA AV  
DF/LH


**PROSJEKT**  
Skisseprosjekt  
Husbanken  
**PROSJEKT NO.**  
13236

**KUNDE**  
Kviteseid kommune

**FESTE GRENLAND AS**  
PB 120  
3901 Porsgrunn  
grenland@feste.no  
+ 47 35 93 02 10


### 1. ETASJE

1 x LEILEGHEIT 34,4m2 BRA  
1 x LEILEGHEIT 17,4m2 BRA




### 2. ETASJE

1 x LEILEGHEIT 34,4m2 BRA  
1 x LEILEGHEIT 17,4m2 BRA



### 3. ETASJE

3 x LEILEGHEIT 17,4m2 BRA + HEMS



**FESTE GRENLAND AS**  
PB 120  
3901 Porsgrunn  
grenland@feste.no  
+ 47 35 93 02 10

**KUNDE**  
Kviteseid kommune


**PROSJEKT**  
Skisseprosjekt  
Husbanken  
**PROSJEKT NO.**  
13236

**UTSENDT**  
06.02.2017  
TEIKNIA AV  
DF/LH


Plan 1-3.etg  
1:100 A3

### 3. ETASJE

3 x LEILEGHEIT 17,4m2 BRA





### HEMS 3. ETASJE




### KJELLARETASJE

7 x SPORTSBOD 4,6-4,8m2 BRA  
1 x TEKNISK ROM 4,8m2 BRA  
1 x VASKESONE









**FESTE GRENLAND AS**  
 PB 120  
 3901 Porsgrunn  
 grenland@feste.no  
 + 47 35 93 02 10

**KUNDE**  
 Kviteseid kommune

**PROSJEKT**  
 Skisseprosjekt  
 Husbanken  
 PROSJEKT NO.  
 13236

**UTSENDT**  
 06.02.2017  
 TEIKNIA AV  
 DF/LH

**Snitt**  
 1:100 A3

# PERSPEKTIV






















## VIDARE PROSESS

## ØKONOMI

Det enkle økonomiske oppsettet gjev eit grovt oversiktbilete av prosjektomfanget. Prisane pr. m2 er standardiserte byggeprisar ut frå eit enkelt industrialisert byggeri med elementproduksjon. Prising varierer stort frå stad til stad, og frå periode til periode. Det er difor ingen produsentar eller andre konsulentar som ynskjer å gje "kjappe" prisoverslag utan å prise bygget i sin heilskap.

Når det gjeld byggemetode (massivtre eller tradisjonelt bindingsverk), er det ein føresetnad for oss at vi klarar å likestille prisane. Det er i dag bygd nok industrialiserte bygg med massivtre til at dette kan verta den rimelegaste byggemetoden.

<b>Kostnadestimat Kviteseid kommune</b>				
		<b>m2</b>	<b>pris</b>	<b>sum</b>
leilighetsbygg		165	20000	3300000
kjeller		55	10000	550000
svalgang i stål m/2 trapper				200000
felleshus		57	20000	1140000
uteområder gress		144	500	72000
uteområder treplating		130	1500	195000
uteområder parkering		50	1000	50000
rive eks. trebygg				150000
byggekost				<b>5507000</b>

## AKTUELLE SAMARBEIDSPARTNARAR

Kviteseid kommune er prosjekteigar for leilegheitsprosjektet, men er tufta på samarbeid og involvering. I neste fase av prosjektet vil det både vera viktig med samarbeid på overordna nivå, knytt til planlegging og prosjektering, og i forhold til aktuelle brukarar. Prosjektet vil bli organisert med ei styringsgruppe på det overordna og ei prosjektgruppe med flykningekonsulent og Næringshagen.

Desse aktørane er aktuelle i prosjektet:

Generell utvikling:

Husbanken, Telemark fylkeskommune, By- og regionprogrammet, Næringshagen, næringslaget, flykningekonsulent, reiseliv

Trebyggeri:

Trebruk 014, Massiv Lust as, Green Advisors as

Miljø:

Aktivhus



## REGULERING

Tomta ligg utanfor siste reguleringsplanen som er laga for Kviteseid sentrum, frå 2006. Planen som då gjeld for denne tomte er heilt tilbake frå 1979. Her ligg dette arealet innanfor område regulert til offentlege bygningar (sjå plan neste side).

Det må avklarast med kommunen om det vert stilt krav om å utarbeide ny reguleringsplan som del av arbeidet med å realisere utbygginga.

### REGULERINGSFØRESEGNER I SAMBAND MED REGULERINGSPLAN FOR KVITSEID SENTRUM 1979.

§ 3 Område for offentlege bygningar:


- a) Innanfor området kan bygningar oppførast som vist i planen i inntil 3 etasjar.
  - b) Bygningane skal ha saltak eller pulttak. Kommunehuset kan ha flatt tak.
  - c) Det skal på den einskilde tomte vere plass til parkering og på- og avlesing. Bygningsrådet avgjer kva som er naudsynt i det einskilde tilfelle.
  - d) Bebygd areal inklusiv garasjer, uthus og overdekte terrasser skal ikkje overstige 40% av tomtearealet.
- Fellesføresegner.
- a) Bygningsrådet skal ved handsaming av byggemeldingar sjå etter at bustaden får ei god form og materialhandsaming og

at bygningar i same byggefelt får nokolunde eins og harmonisk utføring når det gjeld takvinkel og materiale.

Farge på bygg skal godkjennast av bygningsrådet.

- b) Eksisterande vegetasjon skal søkast bevart.
- c) Avkøyrse til offentlig veg skal vere oversiktleg og mest mogleg trafikksikker.
- d) Inga tomt må tilplantast med tre eller buskar som etter bygningsrådets skjønn kan vere sjenerande for den offentlege ferdsel.
- e) Sjøppelstativ skal plasserast høveleg på kvar tomt -for henting.
- f) Mindre vesentlege unntak frå desse reguleringsføresegner kan, der det er grunn for det, gjerast etter løyve av bygningsrådet innanfor ramma av bygningslovgjevinga og bygningsvedtektene for kommunen.





**TEIKNFORKLARING:**

**BL 9 25 REGULERINGSMÅL**

- BYGGEOMRÅDER**
- BUSTADER
  - SPESIALTILBEHOV
  - TRAFIKOMRÅDER
  - INDUSTRI

**TRAFIKOMRÅDER**

- FJERNLED, PARKERING
- SAND- OG LAMMET JERD, SENTRAL
- TRAFIKK

**FRIDOMRÅDER**

- PARK, TURVEI, LEIK

**FAREOMRÅDER**

- HVAERDSET PRÆSTELAND
- FLÅMAREAL

**SPECIALOMRÅDER**

- HENSEANLEGG

**BL 9 26 ANDRE FORESEGNER**

- FELLES ANVENDSEL

- STREKSYMBOLER MÅL**
- PLANENS AVGRENSNING
  - AVGRENSNING AV REGULERINGSOMRÅDE
  - TRAFIKKVEI
  - FJERNLED
  - TRAFIKKVEI
  - TRAFIKKVEI
  - TRAFIKKVEI
  - TRAFIKKVEI

- TRAFIKKVEI
- TRAFIKKVEI
- TRAFIKKVEI
- TRAFIKKVEI

- TRAFIKKVEI
- TRAFIKKVEI

- TRAFIKKVEI
- TRAFIKKVEI

- TRAFIKKVEI
- TRAFIKKVEI

- TRAFIKKVEI
- TRAFIKKVEI

- TRAFIKKVEI
- TRAFIKKVEI

- TRAFIKKVEI
- TRAFIKKVEI

- TRAFIKKVEI
- TRAFIKKVEI

- TRAFIKKVEI
- TRAFIKKVEI

- TRAFIKKVEI
- TRAFIKKVEI

- TRAFIKKVEI
- TRAFIKKVEI

- TRAFIKKVEI
- TRAFIKKVEI

**DET KONGELIGE MILJØVERNDEPARTEMENT**

Vnr nr 2113/79 PL 11a/11 Dato **8 NOV 1979**

**KVITESOID KOMMUNE - ENDRÅ REGULERINGSPÅN MED REGULERINGSPÅNSKEM FOR KVITESOID SENTRUM.**

I medhold av § 28 nr. 1 i fr. § 27 i bygningslova av 18. juni 1985, har Miljøverndepartementet ved brev av 1 dag til Fylkesmannen i Telemark stadfesta denne reguleringsplanen.

Stadfestinga omfattar ikkje bustadområde mellom melandrotta og Fylkesveg R 492 (del av gar. 49, ngr. 55). Området er på planen vist med sort skravur.

Stadfestinga omfattar ikkje løyve til utalepp etter § 6 i lov om vern mot vannforureining av 24. juni 1970.

Planen er teikna inn på dette kartet i samsvar med vedtak av Kvitesoid kommunestyre i møte den 2. februar 1979.

Etter fullmakt  
Vegge  
Tom Hoel

SAKSHANDSAMING I FLG. BYGNINGSLOVEN	100	200	300	400
INDVINGSRÅDETS VEDTAK	201.78	240.06	19.9	27.06/27.21.78
BYGNINGSLOVENS OFFENTLIGGJØRINGSTIDSRIMMELT	1983.82.13	13.7	13.78	
BYGNINGSLOVENS OFFENTLIGGJØRINGSTIDSRIMMELT	1983.82.13	13.7	13.78	
K.BAK 1979	22.1979			

10.2.78	ARKIDÉ	13.2.78	352	13C
Kviteseid kommune SENTRUM		Forslag til reguleringsplan		
Storogata 200 1300 PØNSGRUNN		141 527 5 9375		
141 527 5 9375		3 10 52		